

## Rapport frå arbeidet i CEN/TC164/WG9 – Kjemikalie til handsaming av drikkevatt

Av Karl-Jan Erstad, Rådgivande Agronomar AS, Paris 2021-05-12

### Introduksjon

På 2. forsøk i desse pandemitider skulle vi norske ha tatt imot dei utanlandske ekspertane i Molde og Elnesvågen, men arbeidsgruppa 9 (WG9) *Vassverkskjemikalie* hadde også sitt 51. møte 12. mai 2021 hos AFNOR i Paris, Det franske standardiserings-forbundet, som også er sekretariat. Det føregjekk på web-plattformen Zoom.

Web-møtet var ein del betre enn sist, men med over 30 deltakarar måtte vi skru av videokamera, og deretter mikrofonane med mindre vi skulle kommentere ei sak (av/på-funksjon). Internettkapasiteten vart fort sprengd. Eit problem som ein lenge har slite med hos AFNOR, har i tillegg til nedstengingane har vore eit data-virusåtak på serversystemet, som gjorde at ein måtte etablere provisorium på IT. Heile 34 ekspertar frå 11 land, Frankrike med like mange ekspertar som Tyskland, deretter Austerrike, Nederland, Belgia, Storbritannia, Spania, Portugal, Finland, Sverige og Noreg, stilte opp på møtet.

Ikkje alle leiarane av dei aktive oppdragsgruppene var til stades, men likevel TG2, vidare TG6, TG8 og TG11. TG4, TG9 og TG12 er utan leiar for tida, mens TG7 igjen har fått ny leiar i 2020, Mr. Matthias Baum (D)

Spesielt høgt arbeidsnivå er det framleis i TG11, der Mr. Laurent Azam (F) er leiar. Som rutine *skulle* dei 3 gruppene TG3-6-11 ha hatt

eigne samlingar dagen før dette hovudmøtet, men det skjedde ikkje denne gongen grunna uklar innkalling.

P.g.a. manglande fysisk møte kunne ikkje sekretæren Mr. Antoine Gaussorgues (F) sirkulere ei offisiell CEN-liste for frammøte, men denne presenterte ei eiga, faktisk deltakarliste (offisielt dokument) kort tid etter møtet.

### Overordna status for WG9

Det var p.t. 49 aktive tema, 17 ventande tema (PWI – *Preliminary work items*), med fleire vedtak på denne møtedagen med oppmoding til TC164-aktivering.

Totalt er det no 129 publiserte standardar, og WG9 står for om lag 60% av alle publiserte standardar under den tekniske komiteén TC164 *Vassforsyning*.

EN 1018 : 2021 *Kalsiumkarbonat* vert publisert via sekretariatet og gjennom CEN BT (Teknisk råd) i Brussel om få dagar.

### Al- og Fe-salt til flokkulering

Den finske leiaraskapen stadfesta at dei 5 aktive tema, revisjon av standardane EN 888, EN 889, EN 890, EN 891 og EN 14664, var nesten ferdige.

Det kom opp spørsmål frå nye ekspertar om grunnlaget for den såkalla 10%-regelen for tilførsel av aktive substansar til drikkevattnet. Det

vart forklart utifrå mengde totalt tilført i kosten, alt utifrå toksikologiske vurderingar av totalinntak.

EN 1302 (analysemetodestandard) treng revisjon, og EN 935 (produktstandard) må det undersøkast framtidig aktualitet for, om produktet er under faktisk leveranse i vår tid.

## NaCl til innbyting og elektroklorering ved membranteknikk

Dei 2 aktive tema på NaCl har no gått til FV (Formell røysting), etter revisjon av EN 16370 og EN 14805, begge for elektroklorering på staden, den første ved bruk av membranceller.

Høringsprosessen for EN 973 *NaCl til ionebyttrar* gav ingen merknader til framlegget om stadfesting for nye 5 år ved denne systematiske revisjonen

## Svovel-, fosfor- og ammoniumsambindingar

EN 12122 *Ammoniakk i løysing* treng revisjon, men oppdragsgruppa treng samstundes ein leiar for å sikre arbeidet.

## Kalkprodukt og CO<sub>2</sub>

Dr. Karl-Jan Erstad (N) gjorde greie for resultat av og arbeidet etter web-møtet i TG5, arrangert frå Köln 21. oktober 2020. Verken leiar eller sekretær var med på dette møtet i WG9.

EN 1018 *Kalsiumkarbonat* er ferdig revidert og har vore på Teknisk høyring, med jamstilling av porøst og ikkje-porøst materiale m.o.t. reinleik av karbonat. Endringane var såpass små at FV (Formell røysting) kunne kuttast. Rett før publiseringa i desse dagar kom det opp merknader om pussig formulering i ein NOTE under tab. 1 (krav til hovudkomponentane). Ved korrespondanse i TG5 vart teksten forbeta vedrørende materiale som var porøst/ikkje-porøst, og sekretariatet må no avklare om eit forbettringsdokument A1 (*Amendment*) må leggest ved standarden ved denne nypubliseringa, i staden for den ønska konsolideringa av dokumentet.

Systematisk revisjon av EN 1017 *Halvbrent dolomitt* skulle programmatisk verte gjennomført i 2019-20, men mangelen på grundig

gjennomgang ved eit fysisk møte har gjort at temaet er stadig forskyvd. Til liks med EN 1018 ønsker ein denne vert gjort til konsolidert standard.

prEN 936 *Karbondioksid* hadde også vore på Teknisk høyring (*CEN enquiry*) etter revisjon inntil 4. juni 2019 (*CEN/TC164/N3706*). Denne er no i prosess for Formell røysting (*Formal Vote*) etter siste TG5-møte, og i Noreg var intern frist 11. mai, der det ikkje var nokon merknad etter det grundige arbeidet saman med Det tyske gassforbundet (av leverandørar). Det galdt krav til grenser for ureiningar i denne bruksgassen.

## Desinfeksjonsmiddel

WG9-leiar Dr. Xavier Darok er leiar også for oppdragsgruppe TG6.

9 standardar er no under vurdering ved systematisk 5-årsrevisjon.

EN 13177 *Metanol* må i tillegg reviderast, men er eit omstridd kjemikalie, og Tyskland har heile tida hatt forbod mot dette utifrå HMT-omsyn i vassforsyninga.

## Skaldannings- og korrosjonshindrarar

Mr. Matthias Baum (D) og Mr. Daniel Mahringer (D) formar ei 2-personars ekspertgruppe, så langt.

EN 15039 *Polykarboksylsyrer og -salt* og EN 15040 *Fosfonsyrer og -salt* har stått som førebelse arbeidstema (PWI) i lang tid, men er no aktivert og skal gå til Teknisk høyring.

Det må gjennomførast analyse av resultat etter systematisk gjennomgang som følger på Teknisk høyring for EN 15041 *Polyfosfat* og EN 1197 *Monosinkfosfatløysing*.

## Organiske hjelpemiddel til koagulering

Den nye leiaren Mrs. Delphine Vinot (F) har sett opp eit nytt arbeidsprogram med 5 aktive tema, ved revisjon av 5 standardar: EN 1405, EN 1407, EN 1408, EN 1409 og EN 1410. Desse er no klare for CIB-innskriving (røystesetel til arbeidsgruppe-medlemar vedrørende revidert arbeidsutkast).

## Uorganiske støtte- og filtermateriale

Mr. Uwe Fischer (D) er pensjonert, og kollega Ms. Heidrun Vedder (D) i Lhoist (Rheinkalk) orientert om framdrift.

PWI-aktivering (frå førebelse til aktiverte arbeidstema) vert gjennomført for 5 standardar: prEN 12904 *Glasseng og glasgranulat*, prEN 16070 *Silikasand og -grus*, prEN 14456 *Naturleg zeolitt*, prEN 12901 *Uorganiske støtte- og filtermateriale – Definisjonar*, og prEN 12902 *Uorganiske støtte- og filtermateriale – Testmetodar*.

## Kjemikalie for symjebasseng

Leiaren Mr. Laurent Azam (F) påpeikte at 11 standardar er klare for gjennomgang av kommentarar etter Teknisk høyring, og nye standardar står på plan for sirkulering som første utkast.

EN 15704 *Ozon* er under systematisk revisjon, kommentarane handterast i møte denne sommaren.

## Ionebyttar-resinar, kjelaterte

I denne oppdragsgruppa er det stadig i stillstand, ingen leiar.

## Nye tema

### – Sulfaminsyre

Det vert gjort registrering med nytt arbeidstema.

Arbeidet vert lagt til TG7 Skaldannings- og korrosjonshindrarar.

Samtidig er det også eit desinfeksjonsmiddel – for fjerning av biofilm på membranar, altså som eit biocid under TG6 Produkt for desinfeksjon.

### – Sitronsyre

Utkast til standard (PWI) ligg alt klart frå Storbritannia. Industrien i UK er nøgd med dette utkastet. Reingjering av membranar er føremålet, ofte også brukt ved uønskte felling av ulike komponentar og sambindingar, så fjerning – av Fe og overskot av kalk som er utfelt.

Dr. Karl-Jan Erstad (N) vil på vegne av Noreg ta del, i alle fall på web-basis ved møte, noko som galdt fleire ekspertar, og det vert nok

arbeidsforma, av di vi no arbeider berre med denne eine standarden. 6 fagpersonar frå ulike meldte seg for deltaking og fullføring av denne standarden, og arbeidet sorterer like så under TG7.

### – Ionebyttarar, adsorpsjonsresinar og hybridadsorbarar

Det var eit tysk forslag om aktivering; tyske, nasjonale standardar finst – men problem oppstår ved at mange referansar (metodestandardar for test) også er nasjonale, og dei må omarbeidast og utviklast til å verte europeiske (CEN) eller globale (ISO). Det er tidleg stadium for å starte standardisering, og ein må skaffe seg oversikt.

Lanxess (D), DuPont og Mitsubishi som store produsentar må kontaktast for involvering.

### – Utforming av standardane

Det kom opp eit tysk forslag om å fjerne piktoqram og legge det under eit generelt Tillegg C «Generelle reglar knytt til tryggleik». Førebels vart det avvist, men vert lagt fram for TC164.

### – Organisering av TG-nivået – og info offentleg presentert

Berre TG-ekspertoversikt er formell og offisiell.

Internt kan det lagast – for kvar TG – oversikt over standardprosjekt med prosjektstadium (kodar), møtedatoar og milepålar.

TG har formelt ingen sekretær, og TC164/WG9-sekretariatet prøver ofte å hjelpe og rett-leie på TG-nivå.

### – Systematisk gjennomgang av standardar for det komande året

13 standardar står på liste for systematisk gjennomgang og muleg revisjon.

## Andre saker

### – Standardisering for produksjon av biocid på bruksstaden – ny arbeidsgruppe

For halvanna år sidan er det danna ei ny arbeidsgruppe WG16 under CEN/TC164: *Framstilling på bruksstaden og dosering av biocid til handsaming av drikkevatn*, med leiar Mr. Alexander Reuß (D).

Standardiseringsmandatet skal vere vidt for å få verdi for mange produkt- og bruksområde. WG16 hadde første møte i oktober 2020. Standardane på dette området vil omfatte maskinutstyr, noko ikkje er tilfelle for BPR (Biocidproduktreguleringa) i EU. BPR er legalt overordna standardiseringa.

Eitt førebels arbeidstema (PWI) er alt meldt inn: Ozon til symjebassengvatn.

Aktiv klor er eit anna kjemikalie som ligg langt framme i arbeider under WG16.

### Neste møte

Neste møte i CEN/TC164/WG9 vert onsdag 24. mai 2022 i Elnesvågen ved Molde – med andre års utsetting grunna alle reiserestriksjonane dette året. Alt vert skyvd på av fysiske møte.

Møte i TG6 og TG11 vert som vanleg haldne i førekant, tysdag 23. mai.

Møtestad for 2023 vert Lisboa, etter ein ståande invitasjon frå Mrs. Paula A.R. Vieira, NES (Núcleo de Engenharia Sanitária), LNEC, Portugal.